

# HANDLINGSPLAN MOT MOBBING VED SKJÅK BARNE- OG UNGDOMSSKULE

## Å HØYRE TIL

Vondt er av alle andre  
bli trakka på og trengd.

Men vondare å veta  
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet  
du ventar deg og vil.  
Men meir enn det å vera,  
er det å høyre til.

Jan-Magnus Bruheim



# HANDLINGSPLAN MOT MOBBING

## **Definisjon:**

Ein person er mobba eller plaga når han eller ho, gjentekne gonger over tid, vert utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar.

Mobbing er juridisk ulovleg i den norske skulen. (Opplæringslova § 9a.)

Mobbeplanen bygger på fire prinsipp:

- Avdekking av mobbing
- Problemløysing av mobbesaker
- Førebygging
- Kontinuitet i arbeidet

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Alle har plikt til å gripe inn. Ved mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, skal skulen straks undersøke saka. Det som er best for elevane, skal vera grunnleggjande i skulen sitt arbeid. Rektor har ansvar for å lage ein plan og setja inn tiltak for at eleven skal få det trygt og godt på skulen. (Aktivitetsplikt.)

Dersom ein elev blir mobba eller krenka av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å fylgje opp saka. Rektor skal da varsle skuleeigar, som vil fylgje opp saka vidare.

Dersom du eller barnet ditt meiner skulen ikkje har gjort noko for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Fylkesmannen etter at du har tatt opp saka med rektor og etter at det er gått ei veke etter at du har tatt opp saka.

## **Ulike typar av mobbing:**

Verbale utsegn

Ikkje verbal handling

Utestenging

Fysiske angrep

Bruk av digitale medium

## **Hovudmål:**

Alle elevar ved Skjåk barne- og ungdomsskule skal oppleve trygt og godt arbeidsmiljø fritt for mobbing.

## **Delmål:**

- Skulen skal ved førebyggande tiltak hindre at elevar vert utsette for mobbing.
- Skulen sine rutinar skal avdekke om mobbing går føre seg.
- Skulen skal fylgje opp mobbar og mobbeoffer.
- Skulen sine rutinar skal sikre god dokumentasjon og best mogleg samarbeid med føresette.

## **Rutinar for korleis planen blir brukt:**

- Alle som arbeider på skulen eller er elev ved skulen, skal kjenne til at vi har ein handlingsplan, og dei skal kjenne til innhaldet.
- Planen skal bli gjennomgått med kvar klasse i starten på kvart skuleår.

Handlingsplan mot mobbing – Skjåk barne- og ungdomsskule 2018

Skal takast opp i elevråd, FAU, Samarbeidsutvalet, Skolemiljøutvalet innan utgangen av september kvart år og med elevar og lærar ved skulestart.

- Den skal gjennomgåast med personalet på ein av planleggingsdagane.
- På dei første møta om hausten skal planen rullerast i elevråd, FAU, Samarbeidsutval og Skulemiljøutval.

## Førebyggjande arbeid mot mobbing

Når	Tiltak	Ansvarleg
Gjennom heile året.	Sosiale tiltak:- <ul style="list-style-type: none"> <li>• Felles turar.</li> <li>• Aktivitetsdagar</li> <li>• Felles måltid ved ulike arrangement</li> <li>• Kantine – matsituasjonar</li> <li>• Juleball / juleavslutning</li> </ul>	Kontaktlærar, alle tilsette på skulen
Kvar haust.	Elevundersøking. Manifest mot mobbing.	Rektor.
	Mobbing som tema i elevråd, FAU og foreldremøte.	Rektor. Kontaktlærarar.
Heile året	MOT-besök i klassene. MOT-arrangement	MOT-informatørar.
Heile året.	Tydeleg reglement	Rektor.
Skulestart.	Klassereglar bygd på reglementet Tema om mobbing i klassa.	Kontaktlærar. Kontaktlærar.
	Foreldremøte / foreldresamtale.	Kontaktlærar.
To gonger i året eller meir.	Elevsamtalar.	Kontaktlærar.
Heile året.	Inspeksjon i friminutta etter ei inspeksjonsliste.	Alle tilsette.
Heile året.	Klasserom er låst i friminutta slik at det alltid er lærar tilstades når elevane er på klasserommet.	Alle tilsette.
Heile året.	Læraren er tydeleg som leiar i klasserommet og elles.	Alle tilsette.
Sjå på årshjulet under <u>administrasjon</u> på regiondata.	Gode overgangar. Ungdom med MOT.	Lærarar Rektor MOT-info.
Heile året.	Lærar slår ned på bruken av ” populæruttrykk ”. Slik som ”homse”, ”ADHD” m.m. Ikkje akseptere uttrykket ”Eg berre tulla”.	Alle tilsette.
Skulestart.	Fokus på forventningar til og frå foreldre, t.d. korleis ein omtalar andre folk heime.	Rektor.
Heile året	Gruppesamtaler	Sosiallærar / miljøterapeut - helsestasjonen

Handlingsplan mot mobbing – Skjåk barne- og ungdomsskule 2018  
 Skal takast opp i elevråd, FAU, Samarbeidsutvalet, Skulemiljøutvalet innan utgangen av september kvart år og med elevar og lærar ved skulestart.

## Korleis få vite om mobbing?

Når	Tiltak	Ansvarleg
Heile året.	Inspeksjon i friminutta, observasjon i timane, observasjon av tilsette – aktivitetsplikt. Bok der vi samlar opplysningar om hendingar i skuletida.	Alle tilsette.
Hausthalvåret	Resultat frå elevundersøkinga der det er spørsmål om mobbing, blir opplyst til elevar, tilsette, FAU , samarbeidsutval og føresette	Rektor og kontaktlærarane.
Haust og vår.	Elevsamtaler og utviklingssamtaler der tema vert teke opp	Kontaktlærarane.
Heile året.	Elevar som melder frå	Alle elevar.
Heile året.	Føresette som melder frå	Alle føresette.

## Kva gjer vi? Hugs at vi skal vere støttande og objektive i alle saker.

Tiltak	Ansvarleg
Den som oppdagar mobbing, eller trur at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal alltid: <ul style="list-style-type: none"> <li>• gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong dersom det er mogleg</li> <li>• seie frå til rektor</li> <li>• undersøkje det som har skjedd</li> </ul>	Alle tilsette.
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå <ol style="list-style-type: none"> <li>a. Kva problem tiltaka skal løyse</li> <li>b. Kva tiltak skulen har planlagt</li> <li>c. Når tiltaka skal gjennomførast</li> <li>d. Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka</li> <li>e. Når tiltaka skal evaluerast</li> </ol> </li> </ul> <p>Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikt etter første til femte ledd (a. – e.).</p>	Rektor

## Reaksjonar ved mobbing.

Alle reaksjonar skal ha sitt fundament i skulen sitt ordensreglement. Under arbeidet er det viktig at føresette aksepterer at det er skulen som har regien. Reaksjonar vert sett i verk dersom mobbeproblemet ikkje vert løyst.

Aktuelle samarbeidspartar:

- PPT
- Barnevern
- Skulehelsetenesta - helsestasjon

Handlingsplan mot mobbing – Skjåk barne- og ungdomsskule 2018

Skal takast opp i elevråd, FAU, Samarbeidsutvalet, Skulemiljøutvalet innan utgangen av september kvart år og med elevar og lærar ved skulestart.

## **Nokre grunnreglar**

- Vær tydeleg.
- Stopp åtferda du observerer, prat om den og fordøm handlinga.
- Unnskyld ikkje, prat ikkje bort, diskuter ikkje.
- Ta samtale med ein og ein, ikkje i grupper.
- Informer alle tilsette på skulen og føresette, ikkje overdriv, men bagatelliser heller ikkje.
- Fylg opp, ha enkeltsamtalar fleire gonger.
- Når nokon melder frå om at mobbing går føre seg, la denne vera anonym.
- Hugs journalføring av alle møte, samtalar, telefonar og e-postar.

## **Forslag til problemløysing/samtalemål,**

### Samtale med den som blir mobba:

- Eg veit, og eg støttar deg.
- Du skal få vite kva eg har sett og hørt.
- Kva kan du fortelje meg?
- Vi møtest att om nokre dagar til avtala tidspunkt.
- Avtale nytt møte.

### Samtale med mobbaren

- Eg veit og eg aksepterer ikkje!
- Kva kan du fortelje meg?
- Eg har tru på at du kan endre åtferd.
- Dørpnarar (kva kan han/ho forbetre).
- Konklusjonar.
- Avtale nytt møte.

### Kven skal ha mobbeplanen:

- Den skal delast ut til alle tilsette ved skulen.
- Føresette og elevar skal ha kjennskap til planen.
- Skuleeigar.
- Planen skal ligge læringsplattforma ILS og i kvalitetssikringssytemet.

Lovparagrafar i tilknyting det psykososiale miljøet, informasjonsplikt og tiltak/reaksjonar.

Opplæringslova §9a

Opplæringslova §13-10 (Kvalitetssystem)

Opplæringslova §§ 11-1a og 11-5a (Skulemiljøutval, handsaming av saker)

Opplæringslova §§ 2-9 og 3-7 (Skulen sitt ordensreglement)

Opplæringslova § 1-1, 7. ledd (Omsorgsplikta)